



Time kommune



**Klima- og miljøplan 2023-2033**  
**Handlingsplan 2023-2026**

Vedtatt av kommunestyret 28.03.2023

# Innhold

Transport

Bygg og anlegg

Energi

Landbruk og mat

Avfall og sirkulær økonomi

Klimatilpassing

Klimaarbeid i kommuneorganisasjonen

# Transport

## Hovudmål:

- ▶ Ein 50 % auke i sykkelbruk frå 2023 til 2030 i målepunkt i Bryne sentrum og langs viktige ferdselsårer.
- ▶ Ein 50 % auke i tog og bussbruk frå 2023 til 2030.
- ▶ 100 ladepunkt for bysyklar før 2030
- ▶ All taxiteneste og varetransport med personbil og lett varebil bestilt av kommune er nullutslepp frå 2024.

ID	Tiltak	Ansvarleg avd.	Finansiering	Tid	Kommentar
T1	Greia ut moglegheiter for bildelingsordingar, inkludert vurderer utleige av kommunale bilar.	Plan og forvaltning v/klimate og miljø	Normal drift (økonomiplan evt. klimasats ved konkrete prosjekt)	Heile perioden	Med støtte frå tenesteområde eigeidom.
T2	Sikra ein god ladeinfrastruktur, spesielt til varefrakt- og taxinæringa.	Kommunalteknikk v/samferdsel	Normal drift (økonomiplan evt. klimasats ved konkrete prosjekt)	Heile perioden	Med aktuelle eksterne partar.
T3	Laga ein sykkelstrategi med prioritering og plan for oppgradering av gang og sykkelveggar, sykkelparkering og skilting. Medverknad frå innbyggjarar og tilsette i kommunen	Kommunalteknikk v/samferdsel	Normal drift	Før 31.12.2023	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved klima og miljø.
T4	Arrangera årleg sykkeldag med sykkeldemo, gratis sykkelservice, underhaldning med meir.	Plan og forvaltning v/klimate og miljø	Klimasats, evt. økonomiplan	Årleg	Med støtte frå rådgjevar stab samfunn og kommunikasjonsavdelinga. Må vurderast å verta utvida til berekraftsveke.
T5	Setta opp sykkelteilar for å registrera sykkelbruken.	Kommunalteknikk v/samferdsel	Økonomiplan og/eller Klimasats	Før 31.12.2023	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved klima og miljø.
T6	Setta opp nye ladestasjonar for bysykkelen, samt skaffa fleire bysyklar, i samråd med lokalt næringsliv, burettslag og lokalsamfunn elles	Plan og forvaltning v/klimate og miljø	Økonomiplan og/eller Klimasats	Før 2030	Med Kolumbus, og dialog med burettslag, næringsliv elles.

T7	Vidareutvikla Bryne stasjon som eit heilskapleg mobilitetspunkt i samråd med andre involverte partar.	Plan og forvaltning	Normal drift	Heile perioden	Med Bane Nor.
T8	I oppstartsmøte og planutarbeiding for reguleringsplanar skal sykkel og gåande prioriterast.	Plan og forvaltning	Normal drift	Heile perioden	Ambisjon om at det skal vera like lett å sykla og gå som å køyra.
T9	Dialog med Kolumbus og andre kommunar om nye kollektivtilbod.	Plan og forvaltning	Normal drift	Årleg	

# Bygg og anlegg

## Hovudmål:

- ▶ Ha fleire kommunale renoveringsprosjekt og mindre nybygg.
- ▶ Bygge- og anleggsprosjekt skal auka fokus på klima og miljø både internt og eksternt.
- ▶ Meir gjenbruk i bygg- og anleggsprosjekt.
- ▶ Alle kommunale anlegg er utsleppsfrie innan 2035.
- ▶ Alle anlegg i Time kommune er utsleppsfrie innan 2040.

ID	Tiltak	Ansvarleg avd.	Finansiering	Tid	Kommentar
BA1	Setta krav om CO <sub>2</sub> -rekneskap i bygge- og anleggsfasen i alle kommunale prosjekt	Eigedom	Normal drift	Frå 01.01.2024	Aksepterer verktøy utvikla av næringsforeiningane (MEF og EBA). Bør setta funksjonskrav seinare.
BA2	Nye bygg over 5000 m <sup>2</sup> BRA skal NOK BREEAM-sertifiserast med klassifiseringa minimum Very Good (eller tilsvarande miljøsertifisering). I mindre prosjekt skal dette vurderast.	Eigedom	Normal drift	I heile perioden	Sjå eige notat.
BA3	Gjennomføra eit pilotprosjekt plussbygg	Eigedom	Prosjektavhengig. Søka klimasatsmidlar.	Før 2030	
BA4	Skal henta inn og vurdere EPDar (miljødeklarasjonar) på betong og asfalt i alle bygg- og anleggsprosjekt.	Eigedom	Normal drift	Frå 01.01.2023	
BA5	Internt og eksternt stilla krav om gjenbruk av konstruksjonar, materiale (minimum asfalt) og massar.	Eigedom	Normal drift	I heile perioden	
BA6	Vurdera rehabilitering i staden for nybygg i alle nye prosjekt.	Eigedom	Prosjektavhengig.	I heile perioden.	

BA7	Vurdera bruk av klimavennlege byggemateriale, for eksempel tre, i alle nye prosjekt.	Eigedom	Prosjektavhengig. Søka klimasats.	I heile perioden.	
BA8	Gjennomføra minst eit pilotprosjekt for fossilfri kommunal anleggsplass før 2025	Eigedom	Prosjektavhengig.	Før 31.12.2025	Må klarera definisjonar av "fossilfritt" i forkant av prosjekt.
BA9	Gjennomføra minst eit pilotprosjekt for utsleppsfri kommunal anleggsplass før 2030	Eigedom	Prosjektavhengig. Søka klimasats.	Før 31.12.2030	Må klarera definisjonar av "utsleppsfritt" i forkant av prosjekt.
BA10	Bruka 3D-prosjektering for å minska unødig graving	Eigedom	Normal drift	I heile perioden	
BA11	Stilla krav til maksimal gjenbruk av massar mellom anna ved bruk av mobile sikteverk på større prosjekt. Bruka regional massehandteringsplan meir aktivt.	Eigedom	Normal drift	I heile perioden	
BA12	Arrangera eit møte med nabokommunar for erfaringsutveksling med bygg og anlegg.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2025	Med støtte frå tenesteområde eigedom.
BA13	Arrangera minst eit møte med entreprenørnæringa for avklaringar av nye krav. Jobba for at dette vert eit fast årleg møte.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2023	Med støtte frå tenesteområda eigedom og plan og forvaltning ved byggesak og plan.
BA14	Ha eit heilskapleg møte/diskusjon rundt energibruk og energikjelder i oppstarten av byggeprosjekt. Vurdera solenergi på alle nye bygg.	Eigedom	Normal drift	I heile perioden	

# Energi

## Hovudmål:

- ▶ Redusera energiforbruket i eksisterande formålsbygg med 10 % innan 2030.
- ▶ For kommunale bygg, auka lokal straumproduksjon til 1 MW innan 2030 (er 0,1 MW i dag).
- ▶ Stimulera til ein lokal solproduksjon på 10 MW innan 2030

ID	Tiltak	Ansvarleg avd.	Finansiering	Tid	Kommentar
E1	Laga ein plan med prioriteringar og kostnader for energieffektivisering i kommunale bygg fram mot 2030.	Eigedom	Normal drift	Før 31.12.2023	Pågåande arbeid.
E2	Utarbeida avgjerdsføresetnader for etablering av solenergi som kartlegg moglegheiter og kostnader for solenergi i kommunale bygg.	Eigedom	Normal drift	Før 31.12.2023	
E3	Undersøka moglegheita for lokalt biopellets/biobrensel.	Eigedom	Normal drift	Før 31.12.2024	
E4	Stilla krav til energibruk i leigebygg.	Eigedom	Normal drift	I heile perioden	
E5	Ta initiativ til interkommunalt samarbeid om energi med nabokommunar for deling av kunnskap og mogleg samarbeid om energiressursar. Minimum halde eit møte.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2024	Med støtte frå tenestoområde eigedom.
E6	Arrangera eit årleg internt energimøte for å synleggjera energistatus i kommunen - både for formålsbygg og kommune som heilskap.	Eigedom	Normal drift	Før 31.12.2023	Med støtte frå tenestoområde plan og forvaltning ved klima og miljø.
E7	Senka temperaturen i idrettshallar og gymsalar.	Eigedom	Normal drift	I heile perioden	
E8	Starta og vidareføra informasjonskampanje til innbyggjarar og næringsliv om lokal produksjon av energi og energisparingstiltak. Minimum ein gong i året.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2023, deretter årleg	Med støtte frå tenestoområde eigedom.

E9	Det skal utarbeidast føresegner/retningslinjer for etablering av energianlegg i LNF-område ved rullering av kommuneplanen sin arealdel. I mellomtida vil det verta utarbeidd ein rettleiar for korleis søknadar om anlegg vil verta handsama.	Plan og forvaltning	Normal drift	Våren 2023	
----	---	---------------------	--------------	------------	--



# Landbruk og mat

## Hovudmål:

- ▶ 20 gardsbruk i 2024, og 100 gardsbruk i 2028 som nyttar klimakalkulatoren.
- ▶ 80 % av dyrka jord vert spreia med miljøvennleg gjødselspreiing i 2030.
- ▶ 100 reinseparkar som er funksjonelle og vedlikehaldne i 2030.
- ▶ Ingen synleg landbruksplastikk på avvege.
- ▶ Tal klima- og miljøsøknadar i SMIL- og RMP-ordningane skal auka med 50 %.
- ▶ Redusera matsvinn.

ID	Tiltak	Ansvarleg avd.	Finansiering	Tid	Kommentar
L1	Halda eit årleg møte med Time bondelag og næringa om klima og miljø.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Kvart år	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved landbruk.
L2	Informasjonsmøte om klimakalkulatoren med NLR, Tine og Time bondelag	Plan og forvaltning v/landbruk	Normal drift	Før 31.12.2023	Med støtte frå NLR, Tine, Time bondelag og plan og forvaltning v/klima og miljø
L3	Bidra til etablering av eit biogassanlegg på Jæren gjennom deltaking i regionale samlingar og kurs. Samt dialog med Time bondelag.	Plan og forvaltning v/landbruk	Normal drift	Kontinuerleg	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved klima og miljø.
L4	Stimulera til auke av lokal energiproduksjon og energisparingsstiltak i landbruket gjennom informasjonstiltak.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Kvart år	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved landbruk.
L5	Bistand til bekkeopning og restaurering av våtmark	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Prosjektavhengig	Kontinuerleg	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved landbruk.
L6	Arrangera ein aksjon saman med næringa for å kutta utslepp av landbruksplast.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Klimasats	Før 31.12.2025	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved landbruk.
L7	Få oversikt over alle reinseparkar med vedlikehald. Laga ei prioritering av viktige reinseparkar.	Plan og forvaltning v/landbruk	SMIL-midlar	Før 31.12.2023	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved klima og miljø.

# Avfall og sirkulær økonomi

## Hovudmål:

- ▶ Redusera mengd hushaldsavfall og auka sorteringsgrad blant innbyggerane.
- ▶ Auka sorteringsgrad for avfall frå kommunale bygg.
- ▶ Styrka sirkulærøkonomien saman med innbyggerane, næringsliv og andre lokale aktørar.
- ▶ Redusera utslepp frå avfallshandtering.

ID	Tiltak	Ansvarleg avd.	Finansiering	Tid	Kommentar
AS1	Haldningsarbeid: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vurdera å arrangera ein dag med fokus på sirkulærøkonomi i kommunen.</li> <li>- Vurdera å etablera eit senter for gjenbruk, reparasjon og deling</li> <li>- Ta initiativ til ei undersøking blant innbyggjarar om forslag til tiltak for sirkulær økonomi, for eksempel minibibliotek</li> </ul>	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Økonomiplan	Før 31.12.2024	Med støtte frå renovasjon. Kan vera knytt til "sykkeldagen". Eller eigen dag for eksempel "fiksedagen" eller "berekraftsdagen". Eventuelt ta del i eksisterande tilbod.  Kan inkluderast i planlagt renovasjonsundersøking.
AS2	Undersøka moglegheita for å etablera biokolløysing for hageavfall. Laga eit skriftleg notat på vurderinga.	Kommunalteknikk v/renovasjon	Normal drift, økonomiplan/ klimasats om det vert realisert	Før 31.12.2023	Med støtte frå teneste-område plan og forvaltning ved klima og miljø. Mogleg samarbeid med nabokommunar.
AS3	Informasjonsarbeid om avfallshandtering. Minst 8 postar på sosiale media. Inkludera heimekompostering, for eksempel kjeldesortering, EE-avfall	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2024	Med støtte frå kommunalteknikk ved renovasjon og kommunikasjonsavdeling.
AS4	Undersøka potensiale for å nytta biogassen frå nedlagt avfallsdeponi på Ree.	Kommunalteknikk v/renovasjon	Normal drift	Før 31.12.2024	

AS5	Vurdera lågutsleppskøyretøy/ nullutsleppskøyretøy ved neste anbudsrunde av renovasjonsteneste. Laga eit skriftleg notat på vurderinga.	Kommunalteknikk v/renovasjon	Normal drift	Kontinuerleg	
AS6	Laga ein plan/notat om handtering av kunstgrasbanar med gummigranulat og leikeplassar med gummiunderlag.	Plan og forvaltning	Normal drift	Før 31.12.2023	Vurdera forbod mot nye kunstgrasbanar med gummigranulat
AS7	Laga ein oversikt over registrerte søppelbrenningar og laga notat om anbefalte vidare tiltak.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2024	

# Klimatilpassing og overvatn

## Hovudmål:

- ▶ Redusera sårbarheita for klimaendringane.
- ▶ Auka tverrfagleg samhandling om klimatilpassing og overvasshandtering.
- ▶ Auka kunnskap og kompetanse om lokal klimatilpassing.
- ▶ Bruka naturbaserte løysingar for klimatilpassing.

ID	Tiltak	Ansvarleg avd.	Finansiering	Tid	Kommentar
KT1	Årleg tverrfagleg internt møte om klimatilpassing med fokus på vatn og vassforvaltning. Mål om å auka kunnskap og samhandlinga om klimatilpassing i organisasjonen inkludert leiinga.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2023 deretter årleg	
KT2	Etablere ei intern faggruppe på vatn for å løfta fram overvassproblematikken tverrfagleg.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2023	I denne gruppa er medlemmar frå tenesteområda plan og forvaltning og kommunalteknikk. I nye plansaker skal overvatn diskuterast på eit tidleg tidspunkt.
KT3	Ei årleg offentleg melding på sosiale media for å opplysa om det lokale arbeidet med klimatilpassing.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2023 deretter årleg	Med støtte frå kommunikasjonsavdelinga.
KT4	Alltid vurderer infiltrasjonsløysingar.	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift	I heile perioden	
KT5	Alltid vurderer naturbaserte løysingar for klimatilpassing.	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift, økonomiplan/ klimasats viss realisert	I heile perioden	Bruk Rogaland fylkeskommune sin prosessretteleiar ( <a href="#">link</a> ) eller anna fagleg dokumentasjon.
KT6	Kartlegga moglegheiter for bekkeopningar og blågrøne tiltak, laga eit notat på dette.	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift	Før 31.12.2023	

KT7	Delta på kurs og seminar om klimatilpassing, overvatn og anna relevante tema.	Alle	Normal drift	I heile perioden	
KT8	Laga ein plan for vedlikehald av regnbed, opna og lukka sedimentasjonsbasseng, og sandfangarar (spesielt langs veg).	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift	Før 31.12.2023	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved klima og miljø. Dette for å løfta dei økonomiske driftskostnadane som må påreknast med vedlikehaldet.
KT9	Arrangera minst eit klimatilpassingsseminar for landbruket saman med landbruksforvaltninga og helst med nabokommunar før 2025.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2024	Med støtte frå tenesteområde plan og forvaltning ved landbruk, og evt. aktørar i landbruksnæringa
KT10	Jobba med å få fleire målarar som registrerer mengde overvatn.	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift	I heile perioden	Dette med hensikt å få meir av det reine vatnet i overvassystemet. Finnest i dag ein på Lye og på Svertingstad (Kong Håkons veg ikkje i drift).
KT11	Oppgradering av pumpestasjonar og felleskummar for å minska tal overløp av avløpsvatn direkte til vassdrag og for å redusera energiforbruket.	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift	I heile perioden	
KT12	Revisjon av hovudplan for vatn og avløp. – begynner haust 2022	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift	Før 31.12.2024	
KT13	Flomvegar/overløp opptil 200-års nedbør skal utgreiast fram til resipient eller håndteres i planområdet/anlegget, f.eks. ved å tillata lokal oversvøyming av parkeringsplassar/senkningar i terrenget	Kommunalteknikk v/VA	Normal drift	I heile perioden	

# Klimaarbeid i kommuneorganisasjonen

## Hovudmål:

- ▶ Klima, miljø og berekraft skal vera førande for alle store tiltak og anskaffingar.
- ▶ Time kommune skal delta og ta initiativ til forum for samvirke av klima- og miljøarbeid saman med næringsliv og innbyggjarar.

ID	Tiltak	Ansvarleg avd.	Finansiering	Tid	Kommentar
KiK1	Oppretta nettside om klimaendringar og lokale klimatiltak	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2023	Med støtte frå kommunikasjonsavdelinga
KiK2	Arrangera eit møte/ei samling med lokalt næringsliv for å diskutera klimagassutslepp eller klimatilpassing	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2024	I samråd med administrativ leiing. For eit styrka samarbeid med lokalt næringsliv
KiK3	Vurdera å melda kommunen inn i Klimapartnere	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2023	I samråd med administrativ leiing. For eit styrka samarbeid med lokalt næringsliv
KiK4	Årlege møte/ presentasjonar med politisk utval om klima og miljø.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Kontinuerleg	Saman med politisk utval.
KiK5	Gjera ei vurdering av klimarekneskap og klimabudsjett.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2024	I samråd med økonomiavdelinga. Vurdera samarbeid med nabokommunar.
KiK6	Ved revideringa av kommuneplanen sin arealdel skal klimagassutslepp og klimagassopptak frå arealbruk vera ein del av utgreiingsarbeidet	Plan og forvaltning v/arealplan	Normal drift	Kontinuerleg	For eksempel i arealrekneskapen. Kommunen skal følgja med utviklinga av verktøy for dette.
KiK7	Delta i interkommunale nettverk innan klima og miljø	Plan og forvaltning	Normal drift	Kontinuerleg	
KiK8	Etablera rutinar for klima- og miljøkrav i innkjøp	Økonomi v/innkjøp	Normal drift	Før 31.12.2023	
KiK9	Vurdera å kutta ut bruk av torvjord i kommunal drift	Kommunalteknikk	Normal drift	Før 31.12.2023	

KiK10	Gjera vurdering og lage notat på å setta krav til nullutslepp av all taxi- og varetransport frå 2024	Økonomi v/innkjøp	Normal drift	Før 31.12.2023	Med støtte frå plan og forvaltning ved klima og miljø. Ha dialog med næringa.
KiK11	Gjennomføra kompetansehevande tiltak knytt til sirkulær økonomi i kommuneorganisasjonen.	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Før 31.12.2024	
KiK12	Årleg rapportering om korleis alle avdelingar i kommuneorganisasjonen arbeidar for å fremja sirkulær økonomi	Plan og forvaltning v/klima og miljø	Normal drift	Årleg	Kan inngå i kommunal årsrapportering.

